



Arkivsaknr: 2026/643-59  
Sakshandsamar: Ottar Myrtveit

## SAKSFRAMLEGG

Vårteljing av hjort 2027

### Utval

---

Teknisk utval

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden ynskjer ikkje å innføra vårteljing på hjort att frå 2027.

### Bakgrunn

I sist møte i Teknisk utval 28.05.2026 vart det orientert om behovet for vårteljing av hjort. Saka vart drøfta og kommunen sende saka ut på høring til alle dei 52 valda i kommunen, samt til lag/organisasjonar i landbruket.

Fristen for attendemelding var: 26.06.2026. Pr 20.08.2026 har kommunen fått 13 svar, sjå vedlegg. Det vart sakt i møtet at tilbakemeldingane skulla danna grunnlag for om sak skulle takast opp att i neste møte.

Det er 9 som svarar ja på vårteljing, 3 nei, 1 usikker, og 39 har ikkje svart. ( I vedlegget kjem det og fram attendemeldinga på ny forskrift for termiske sikter).

### Vurdering

Administrasjonen har sjekka ut omfanget og behovet for vårteljing i dag, samt diskutert saka med Norsk Hjortesenter, NINA (Norsk Institutt for Naturforskning), Vestland Fylkeskommune, Alver- og Gulen kommune.

Alle desse med unntak av Gulen kommune (som er litt usikker), ser ein ikkje behovet eller nytten for å ha ei eigen vårteljing på hjort. Det er vanskeleg å finna faglege grunnar for å innføra vårteljing i dag. På 1990 talet og framover til for ca 10 år sidan var det motsatt, og veldig mange kommunar og nokre storvald på vestlandet hadde vårteljing. Ein fekk eit tal på sette dyr på innnmark basert oftast på 2-3 teljingar. (Maksimalt 6 teljingar i nokre kommunar).

Det skapte lokalt eit engasjement, og det hadde ein viss nytteverdi på den tida, men her var veldig mange usikre faktorar. Ikkje viste ein kor stor prosent ein såg, været, og kor langt graset var i utvikling varierte. Heller ikkje i dag kan ein vita bestandsstorleik i ein kommune basert på vårteljing, eller andre kjende metodar, men med vårteljing kan ein sjå ein slags tendens på sikt. Får å kunna sei litt om ei utvikling må teljingane minimum føregå kontinuerleg i 6-10 år. Svakheita er også at det ikkje er kjende system pr dd. der vårteljingsdata/tala kan nyttast av td kommunane. Skal ein bruka tala til evt redusering eller auke i tildelinga? Fleire rapportar frå td NINA konkluderer eintydig med at vårteljingane var lite fagleg, samt hadde svært usikre data. Talgrunnlaget kunne ikkje lett samanliknast, og kunne vanskeleg brukast i forvaltninga. Det skapte likevel interesse for hjorteforvaltninga og var bra sosialt. Skal Masfjorden brukte tid og pengar på vårteljinga att utan fagleg begrunning? Etter at det kom eintydige rapportar spesielt frå NINA og Hjortesenteret frå ca 2005 – 2015, avslutta fleire og fleire kommunar med vårteljinga, då ein i hjorteviltregisteret har alle data gjennom heile jakta. Omfanget er betydeleg større, og nyttigare for all viltforvaltning. Her er eit program som alle nyttar samt at ein ser all utvikling i bestanden lokalt og nasjonalt. Alle jegrar/valdansvarlege i landet legg inn opplysningar i sett og skutt, legg inn slaktevektar, fellingsrapportar, kvar ein jaktar, samt at ein får oversikt over bestandsutviklinga til ei kvar tid i alle kommunar som har hjortejakt. Situasjonen i dag er difor at berre nokre få kommunar har fortsett med vårteljing. Ingen kommunar har starta opp att som ein kjenner til.

## Samandrag

Basert på ei grundig undersøking og diskusjon med dei fremste på viltforvaltning i landet, kan ein ikkje sjå gode nok grunnar for at Masfjorden kommune skal bruka tid og pengar på eit slikt tiltak, sjølv om ein del vald har lyst på vårteljing att. Viltforvaltninga i dag er svært samkjørt med Fylket og nabokommunar og dei aller fleste er samde i at bestanden skal ned, noko ein har lukkast med og ein må fortsetja med. Reduksjonen i felte dyr i Vestland med 2300 dyr får 2024 til 2025 syner at samarbeidet gjev resultat. Tildelinga av løyver, og ikkje minst avsytningsprofilen er årsaka til det. Vårteljing kan vera eit supplement, men har lite å sei fagleg, samt neppe vil påverka tildelinga, eller at det bidreg til at kommunale mål vert nådd.